Kjære Mamma, **18. mars–1. april, 2003**

Eg syntest det var på tide å skrive litt, sjølv om det ikkje har skjedd so altfor mykje sidan eg flytta inn. Fortalde eg om turen eg tok langs kysten sør for Sydney i midten av februar?

Eg tok toget ned til ein stasjon kalla Otford, om lag ein time sør for byen, omgjeven av skog og beitemarker. Ein treng ikkje fare langt før den hektiske aktiviteten i Sydney er berre eit minne. Otford er berre ein kilometer frå kysten, og etter ein bakketopp kryssa eg ein laandeveg nesten utan trafikk og såg ned på klippane og brenningane. Det var og flott utsyn sørover, og eg skimta ein lang rad skogkledde, grøne åsar gjennom den salte disen frå varmen og bølgjane. Eg fann stien og følgde han gjennom eit flatt, skogkledd landskap med nokre store eukalyptustre og mange planter eg ikkje veit namnet på enno. Etter ei stund kom stien bratt ned til sjøen, flankert av frodig, men trørkeramma regnskog. Nede ved sjøen fann eg vegen gjennom eit område fullt av digre palmetre, diverre ikkje av slaget som gjev kokosnøtter. Eg passerte eit par andre vandrarar og kom ut i eit ope, graskledd landskap. Eg tråkka vidare nordover, med sola i andletet og vinden i ryggen.

Nokre kilometer seinare fann eg eit område fullt av gamle, hytteliknande hus bygde av enkle material. Eit skilt fortalde historia til desse verbitte bustadane langt frå næraste veg. Folk hadde flytta til dette området under depresjonen i 1930-åra. Dei sette opp små hus, tok med seg familien og livnæra seg med jakt, fiske, lammekjøt og mjølk frå buskapen. No var alle husa tomme, men verna som interessante historiske levningar.

Eg passerte fleire forlatte, idylliske strender og kom til nok eit område med fleire titalls gamle hus. Nokre av dem var sikkert i bruk som feriehytter, for

eg høyrde stemmer og såg flagg, sko og leikar utanfor fleire av dem. Ei hytte rett ved stien sto open og hadde ein imponerande samling av fiskesaker båe utanfor og innanfor. Vindua var fulle av fargerike dupper og oppheng, og store fiskar med berre hovud og ryggrad intakt tørka på gjerdet i solsteiken. Ein heil familie av troll laga av drivved og gresskar, med fiskestenger i hendene, sto utanfor hytteveggen. Eit australsk flagg blafra i vinden. Det heile var litt av eit syn, eg har aldri sett noko liknande. Men ingen var heime, so eg gjekk vidare.

Eg kom ned til sjøen att og følgde ei ny strand, fleire kilometer lang, til eg kom til ein parkering og ein kafe. Denne stranda, Gaerie Beach, var knytta til omverda av ein bilveg gjennom nasjonalparken. Eit par hundre meter lenger nord fann eg stigen opp til overnattingsstaden, ei hytte eigd av YHA (medlem av Hostelling International). På førehand hadde eg lånt nøkkel, so eg låste meg inn og fann meg ei seng i eit av soveromma. I hovudrommet var det ein kjøkkenkrok med gasskomfyr, kjeler, bestikk og anna utstyr, og vatn var lagra i ein tank utanfor. Elektrisitet kom frå eit batteri, lada opp av eit solcellepanel oppe på taket, men ei sperre var installert for å hindre folk i å skru på lyset før etter mørkrets frambrot. Dette var for å spare på energien.

Eg testa ut nokre tablettar for reinsing av vatn eg hadde med, mest for å sjå korleis dei virka. Vatnet frå tanken var truleg i orden, men med tanke på andre turar i framtida ville det vere kjekt å vere klar over eventuelle problem. Etter kva eg har lesi er det Giardia (ein mikroskopisk parasitt som kan vere livstrugande) i mange vassdrag her i Australia, og for å vere på den sikre sida må ein desinfisere alt drikkevatn, enten ved å koke det grundig eller ved å bruke jodtablettar. Ei halvtime etter at joden er oppløyst i vatnet kan ein bruke ei anna tablett for å fjerne smaken. Det finst og spesielle filter for dette føremålet, men det er dyre og kan gå i stykker. Med

desse problema i tankane er det litt av ein luksus å kunne drikke rett frå bekkar og elvar slik me gjer i fjellheimen i Noreg.

Nokre timar seinare byrja det å mørkne, og eg sat ei stund utanfor og lytta til den eksotiske sangen frå sirissane. Fire timer lang hadde turen vori, nok til å gjere meg klar for senga. Nede ved stranda hadde dei siste surfarane pakka sakene og dregi heim. Eg gjekk tidleg til sengs og sette vekkjeklokka til sju.

Dagen etter hadde eg ein rask frokost og la i veg med godt mot. Himmelen var klar, og sola hadde alt byrja å varme i fjeset. Frå ei høgd nord for stranda hadde eg flott utsikt utover havet og landskapet eg hadde passert gjennom dagen før. Eg hadde no ei lang tur langs klippekysten føre meg. Djupt under føtene mine kasta brenningane seg mot dei loddrette veggane av sandstein, og vest for stigen strekte landet seg flatt mot horisonten. I dette området var det inga tre, berre låge buskar. Underleg nok skulle det vere ein stor stamme av hjort i området, innført frå Europa for meir enn hundre år sidan. I dag ville eit slikt prosjekt ha møtt massiv motstand, men den gang var det eit akseptert forsøk på å gjere Terra Australis meir likt England.

Etter eit par timar kom eg til Wattamola, ein fager lagune omgitt av skog og klipper, med ei lang, nesten folketom strand. Ein veg gjev enkel atkomst for dei med bil, men er lite brukt utanom helgene. Wattamola er ein opning i den lange veggen av klipper som former denne delen av kysten, ein oase i det ellers ørkenliknade landskapet. Eg tok meg god tid og slokka tørsten med meir vatn. Det var ein varm dag, og eg hadde alt drukki nesten ein og ein halv liter.

Eg har ikkje lyst til å dra, men i to-tida tvang eg meg vidare. Eg hadde ei ferje å rekke. Denne delen hadde eg gått før, med Vishal, og eg kjende fort

att landskapet. Eg passerte fleire strender og fleire imponerande klipper. Etter nye to timar kom eg til Bundeena, ein sjarmerande liten forstad knytta til omverda av ei lita ferje. Eg hadde hatt akkurat nok vatn til å halde tørsten på avstand, og det fyrste eg gjorde i Bundeena var å kjøpe iskrem og meir drikke. Andletet mitt var heilt rudbrunt etter den lange turen, men kjentest ikkje solbrent. Alt i alt vart det ein fin tur i eit område berre ein time frå byen.

No er det tre veker sidan semesteret starta. Eg må seie at dette året kjennest annleis på mange måter. Ein årsak er sjølvsagt at alt var nytt og spanande i fjor, medan eg no har sett det meste av Sydney og områda omkring. Sjølv om eg berre har vori her eit par månader, har eg ei kjensle av at alt er meir kvardagsleg no. Eg hadde eit flott år i fjor, med turen verda rundt som ein finale. Noko av entusiasmen eg hadde då eg kom hit er nok borte. Dette er kanskje berre ein naturleg utvikling; ein kan ikkje konstant flytte på seg, men eg trur kan hende det ligg noko meir bak. Eg er nok litt lei av bylivet, og indianaren i meg lengter etter å kunne stikke av garde med fiskestanga om ettermiddagen. Her er det veldig tungvint å ta slike turar, eg er midt i byen og ikkje har eigen bil. Men det er meir enn det. Etter berre eit år saknar eg alt dei skiftande årstidene, det vidunderlege ljoset ein berre finn langt nord, planlegging av nye turar i fjellheimen.

I fjor hadde eg eit nytt liv i ei anna del av verda i tankane. Eg ville prøve ut storbylivet, sjå ein ny del av verda. Eg angrar ikkje på at eg gjorde det, men tida her i Australia har fått meg til å innsjå at det neppe er det rette for meg. Midt i Sydney sit eg og les om ekspedisjonar i Alaska og Canada, og drøymer om kvitsymra i skogane heime. Eg trur eg er på gal side av kloden.

Men det er ikkje alt. Eg har ein tvil i meg som har vorti sterkare sidan fjoråret. Eg er ikkje sikker på at eg har valt rett kurs. Faga eg no har er ikkje so spesifikke og grundige som eg kunne ynskje. Skulle eg følgje mitt

hjarte fullt ut måtte eg gjere noko heilt anna, finne ein jobb relatert til natur og villmark. Instruktør i sportsfiske, kanskje, eller guide for turar i villmarka. Ikkje at eg no er desperat etter å dra til Yukon eller Nordland. Men eg må innrømme at eg lengtar tilbake til Norge. Canada eller Alaska kunne vere alternativ.

Heilt sidan det fantastiske vinteren vi opplevde denne jula har eg nesten motvillig innstilt meg på eit nytt år her i Australia. Eg spør meg sjølv om eg faktisk treng denne utdanninga, sidan eg allereie kunne vere ein forelesar sjølv i fleire data- og designrelaterte emne. Er dette berre ein unnskyldning for å utforske eit nytt kontinent? Eller otte eg freiste å flytte over til eit universitet i Canada?

Hovudet mitt er fullt av slike spørsmål. No vert det ein tur til Tasmania i påska, og sikkert nokre turar i andre område her på fastlandet. Men eg har ei kjensle av at det ikkje vil vere det same. Eg tenkte på Helge Ingstad i går, som slapp alt han hadde i hendene og dro til villmarka i Nord-Amerika, i ei tid då lite av teknologien me no har eksisterte. Og Lars Monsen, som no har kryssa Canada. Er det kva eg otte gjere, bryte opp, ta ein sjanse, gjere det eg eigentlig har lyst til i staden for å spele spel her?

For eit par veker sidan mista eg plutseleg summetona i telefonen. Det tok åtte dagar før Telstra, Australias versjon av Telenor, kunne sende ein teknikar hit for å fikse problemet. Det var utruleg irriterande, spesielt sidan mobiltelefonen heller ikkje virka. Mobilen vart nok varig skada av sjampoen frå flaska tollen i Italia opna. Han virka i eit par dagar rett etter at eg kom hit, men no har han streika fullstendig. Eg må nok finne ein ny, men so lenge eg berre er her i Sydney kan eg klare meg utan, so det hastar ikkje.

I år fell den irske nasjonaldagen, St. Patricks Day, på ein mondag, so den årlege paraden gjennom Sydney sentrum vart flytta til dagen føre, sundag

16. mars. Toget byrja å røre på seg klokka 12, og eg var på plass med kamera i ein av gatene dei skulle passere igjennom. Barrikadar var sette opp langs fortaua for å halde publikum på avstand, bilistane måtte finne andre ruter gjennom byen enn dei vanlege. Mengder av folk hadde samla seg for å eit glimt av spetakkelet, og mange hadde nytta høvet til å slå ut håret og kle seg ut. Det var litt av eit syn. Nokre hadde med farga håret grønt eller raudt, andre hadde parykker i same fargane. Mange hadde luer dekorert med grøne kløver, grønstripa skjorter og grøne, glitrande skjørt, og irske flagg med grønt, kvitt og orange var overalt å sjå. Somme hadde tatt på seg sportklede i grønt og gult, andre hadde klede med blå og gule striper. Frå enden av gata kom ljoden av sekkepiper. Opptoget hadde byrja. Fyrst kom musikantane i grøne jakker og raude kiltar, deretter titals ulike bilar og vogner dekorert med flagg, ballongar og banner, kvar med sitt eigi tema. Det var lite alvor og god stemning. Me såg St. Patrick sjølv ved sida av ein keltisk kross, ein karrikatur av paven med ein flaske Jamison whiskey, eit banner med teksten ”Make Tea, Not War” og mange andre påfunn.

Men det var og meir seriøse element. Me såg billeta i svart og kvitt av Bobby Sands og dei andre heltane som døydde under sultestreiken i 1981, og eit banner i gult og svart med kravet ”Britain out of Northern Ireland!” Paraden gjekk løyste seg opp i MacQuarie Street, utanfor St. Mary’s Cathedral, og i Hyde Park rett ved klatra ein gruppe studentar opp på toppen av ein tre meter høg fontene og song muntre songar medan vatnet rann i strie straumar gjennom hår og klede. Det var eit lystig avbrott frå kvardagen.

Komande onsdag har Bushwalking-klubben til Sydney University eit møte, so eg tenjer å ta ein tur innom då og melde meg inn der. Kan hende kan eg finne nokon der med same interesse for friluftsliv som meg sjølv. Me fær sjå. Sydney University er ikkje so langt unna Surry Hills, om lag ein halv times gange eller ein kort busstur.

For nokre dagar sidan tok eg ein tur Waverly Cemetary, ein uvanleg kirkegård som går heilt ned til dei bratte klippane som stuper ned i sjøen. Det bratte terrenget gjev vidt utsyn utover havet, og nesten alle gravsteinane der er ljose i fargen, mange nesten kvite. Dette gjev staden ein nesten optimistisk og oppløftande atmosfære. Men det mest interessante er at av meir enn totusen graver er meir enn halvparten okkupert av folk frå Irland eller folk av irsk avstamning. ”Native of County Galway, Ireland” og liknande inskripsjonar er ikkje uvanlege. Mange av gravene her stammar frå fyrste del av det tjuande hundreåret, og har truleg stort historisk verde. Overalt ser ein keltiske kross, mange vel over ein meter høge og dekorerte med kløverblad eller intrikate mønster. Eg fotograferte nokre av krossa og kom ved eit tilfelle over eit minnesmerke reist av The Irish National Association of Australasia. Inngravert i kvit marmor var namna til mange av Irlands nasjonalheltar. 1798 var ikkje gløymd, heller ikkje The Easter Rising. ”Spiorad na Saoirse”, ”Spirit of Freedom”. Ein kross i irsk stil reiste seg meir enn fire meter frå sørveggen, og på framsida markerte ein jarnport inngongen til ein plass dekorert med symbol frå Irland. Porten sjølv bar eit digert skjold i gamal stil, og på kvar side ei metallplate, kvar med ein gravering av Irlands clairsach eller harpe. Minna fra sumaren i Irland i 2000 er enno friske, og eg kjende patriotismen og melankolien bruse i årene. Det er noko spesielt med dette landet, so rikt på historie, på segn og mytologi og fagre landskap. Irland si historie er ei om tragedie og urett, men og om overlevnad, håp og siger. Somme har sagt at dette var Englands fyrste koloni, og i inga andre for Britane verre fram enn her. Men i dag er mykje av Irland fritt, og irsk kultur opplever en rennessanse. Over heile verda feirar folk stolte sine irske røter. Dei kjempa mot overmakta, og vann.

I dag er det vel to månader sidan eg dro til Glasgow. Det var veldig hugleg å sjå dykk att, og me hadde ein koseleg, om enn litt forenkla, julefeiring. Neste jul ligg ei stund fram i tida, men vekene flyg, og snart sit eg på flyet

til Torp eller Gardermoen. So eg vonar me kjem saman att i desember, og at dykk enno er i relativt god helse. I mellomtida fær me halde kontakten med brev og telefon. Eg har vorti so van med engelsk no at det kjennest reint rart å brått setje seg ned å skrive norsk, so eg tror eg treng meir norsk lesestoff...

Den 19. april dreg eg til Hobart, hovudstaden i Tasmania. Det er ikkje so langt, berre eit par timar med fly, men det vert mellomlanding i Melbourne, so alt i alt tek reisen nesten fire. Planen er å tilbringe påska der, og dra attende til Sydney 27. april, dagen før semesteret byrjar.

Eg er no i kontakt med Mihran over epost, og me har snakka litt om kva me kunne gjere saman når eg er ferdig her i Sydney omkring den 10. november, men me har ikkje lagt nokre konkrete planar. Mihran har lyst til å fortsetje utdanninga i USA, so det kan hende at han fer dit til hausten. Me veit vel meir om eit par månader, når han har fått svar frå institusjonane der og har gjort seg opp ei meining om kva han vil.

Helsing/klem frå
Edmund